

UNGT ENTREPRENØR SKAP

I front for grønt gründerløft



GREENT: – Det er eit kjempespennande prosjekt som me no søker om Life-midlar frå EU til å utvikla vidare, seier prosjektleiar Jørn Helgheim.

■ ■ Ungt entreprenørskap

LEIKANGER: – Det er kjekt å vera med på eit prosjekt som er so i vinden.

Jørn Helgheim nøler ikkje med å kalla den nye grøne satsinga for spennande. Og veit kva han snakkar om. Helgheim er prosjektleiar for Greent, ei internasjonal satsing på grønt entreprenørskap der Ungt entreprenørskap (UE) Sogn og Fjordane har ei sentral rolle.

Samarbeid

Starten var eit samarbeid med UE i Bulgaria.

– Me hadde elevutveksling der det vart jobba med grøne forretningsidear. Resultatet var så bra at me fann ut at dette måtte me gjera meir av, seier Helgheim. I jakta på korleis arbeidet kunne utviklast dukka tanken om å få det som eit Erasmus-pluss prosjekt opp. Tre nye land kom med og i tre år har det vore jobba for å styrkja informasjonen og kunnskapen om det grøne

skiftet i læreplanane.

– Me har utvikla innhald ut frå behov og mangel på pedagogisk innhald om teamet, seier Helgheim

Gjev pris

No er jobben gjort og resultatet har vekt internasjonal merksemd. I sommar, i Atlanta, fekk prosjektet prisen for det beste samarbeidsprosjektet innan UE i heile verda.

– Det borgar om kvalitet, seier Helgheim. Han meiner prisen var medverkande til at samarbeidet har vakse til ti land og at miljøavdelinga i EU har oppfordra prosjektet til å søkja lifemidlar frå EU.

– Det vil me gjera. Målet vårt er å nå 15.000 elevar/studentar, seier Helgheim.

Grønt fokus

Ungt entreprenørskap i fylket vårt har sidan tusenårsskiftet jobba inn mot grunnskulane og dei vidaregåande skulane, ikkje minst inn motarbeidet med elevbedrifter. Den jobben skal halda fram, men framover

vil det i hovudsak handla om grønt entreprenørskap.

– Det handlar om berekraft, haldningar og verdiskaping. At ungdom sjølve skal finna løysingar på utfordringar og at dette kan føra til etablering av nye grøne arbeidsplassar, seier Holger Aasen, dagleg leiar av Ungt Entreprenørskap i Sogn og Fjordane.

Bad om støtte

Onsdag presenterte organisasjonen prosjektet Greent for fylkesutvalet og nytta høvet til å be om støtte til det vidare arbeidet, utover samarbeidsavtalen dei alt har med fylkeskommunen.

– Og då handlar det om pengestøtte?

– Ja, så ærlege må me vera. Det handlar om tid til få jobba meir med Green-prosjektet. Signala med fekk tykkjer eg var positive, seier Aasen.

Berekraft

No har UE i Sogn og Fjordane også fått signal frå UE Norge om at prosjektet skal spreiest i

■ ■ Haldningar og verdiskaping



BAD OM STØTTE: Onsdag presenterte prosjektleiar Jørn Helgheim og dagleg leiar i UE Sogn og Fjordane, Holger Aasen, prosjektet Greent for fylkesutvalet. Og bad politikanane om meir pengar for å kunna jobba meir med prosjektet.

heile landet. Det tykkjer Jørn Helgheim er svært gledeleg og viktig.

– Me jobbar med ungdomar som er morgondagens leiarar. Då må det handla om haldningar og berekraft, seier Helgheim. Det vil også visa att på

entreprenørmessa til våren. – Då blir det ein eigen pris for den beste grøne ideen, seier Helgheim.

Kai Martin Brekke
kai.martin.brekke@sognavis.no